




Britane bruker ikkje lærebøker, dei heng lærestoffet på

veggen. Dette var ein av mange interessante observasjonar som delegasjonen frå Uskedalen gjorde før helga på Pakeman skule i nordøstlondon dit dei reiste på studietur. Rektor Lilli Britt Urheim slår fast at dei 11 lærarane og 3 aspirantane som var med fekk godt utbytte, som dei no skal bearbeide.



Mykje var sjølvsgatt annleis enn her, mellom anna elevflokket på 300. Dei fleste av dei var mørke - innvandrarar i første eller andre generasjon.



Skulen ligg i det ein kan kalle Arsenal-området der dei anten er ekstremt fattige eller svært rike. Imidlertid kan skulen vise til svært gode resultat med den pedagogikk dei satsar på. Som skulen hos oss jobbar dei med det som kallast vurdering for læring.

- Dei trur på den einskilde elev. Dei slår fast at vedkommande ikkje er dum, ho eller han har berre ikkje fått inn lærdommen førebels, seier Urheim.

Dokumentasjonen av situasjonen når tilsyn finn stad går meir direkte til elevane enn her.

Lærarane frå Uskedalen var på skulen i London ein heil skuledag og fekk ein grundig orientering av rektor om erfaringane.

Dette var ein rimeleg tur som ikkje gjekk ut over skattebetalarane. Til dømes kom ein middag på ein lokal pub berre på 3 500 koner for heile delegasjonen.

Bileta viser noko av det stoffet som er hengt opp på veggane.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Lilli Britt Urheim